

– Kunngjering –

Fleire søkjarar – 6 søknadar om løyve til å byggje småkraftverk i Masfjorden kommune i Hordaland.

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 6 småkraftverk i Masfjorden kommune. Søknadane skal handsamast samstundes. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg fleire saker samla der dette er naturleg.

Hovuddata for kraftverksplanane:

Søknad	Søklar	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh)
Nørlandselva kraftverk	Nordkraft Vest AS	4,9	12,6
Sandneselva kraftverk	NGK Utbygging AS	2,3	7,1
Bjørneklettbotn kraftverk	Småkraft AS	7,75	20,1
Haugsvær kraftverk	Haugsvær Kraft (SUS)	2	3,9
Sulelva kraftverk	Småkraft AS	3,7	5,2
Fossdalen kraftverk	Fossdalen kraft (SUS)	2,7	8,6

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på tienstetorget på kommunehuset, Masfjorden folkebibliotek avd. Hosteland, nærbutikken på Haugsværtunet og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut fram til **onsdag 3.6.2015**. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med søklar til det einskilde prosjekt. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **3.6.2015**.